

Møtereferat

FAU - Årsmøte

Sund Ungdomskule

Dato: 19.03.24
Møteleder: J. Håkonsund
Referent: J. Høyland



	Representant		Vara	
8A	Kine H Baardsen	x	Gry Kari Randem	
8B	Torstein Tøgard/ Kristin Tøgard	x	Mona Iren Hansen	
8C	Janne Kleppe Kalstad		Jimmy Kennet Håkonsund	x
8D	Krister Turøy		Cathrine Nilsen Graue	
8E	Jannicke Høyland	x	Nina Lerbrekk	
9A	Lene Kvinge Lerøy		Kristine Marøy	x
9B	Frøydis Wiers		Laila-Karin Rong	
9C	Elisabeth Telle Sellevåg	x	Eivind Ellertsen	
9D	Birgitte Kallestad	x	Sara Therese Bratland Giskegjerde	
9E	Ingvild Bessesen Eide		Janne Øvretveit	
10A	Helga Lokøy	x	Helene Wilhelmsen	
10B	Marianne Sand Soltvedt	x	Cecilie Hustvedt	
10C	Jarle Glesnes/Lena Jensen Glesnes	x	Anne Berit Mikalsen Melkevik	
10D	Jimmy Kennet Håkonsund	x	Ann-Kristin Håkonsund-Øistad	
Rekt.	Anne Hufthammer	x		
Rådg				

1: Godkjenning av innkalling og saksliste

Ok.

2. Godkjenning av referat 22.01.24

Ok

3. Orientering frå SU

- Tilbakemeldingar frå elevrådet: Dei har arrangert karneval og skal i gong med arbeidet kring sommarball. Elevrådet har starta kiosk, noko som dei seier har vore positivt for elevane.

- Det vert skuletur til hausten for dei nye 10. klassingane.

- Utanomhusplanen – Skulen har fått pengane, men arbeidet er ikkje komen ut på anbod enda. Så rektor veit ikkje når dette arbeidet vil komme i gong.

- Elevrådet har blitt oppfordra til å setje opp reknskap.

- Nytt SU møte torsdag 23.05.24

4. Informasjon frå rektor.

- Noko av det dei har gjort på skulen sidan førre møte:

Skuletur (10. trinn)

Volleyball turnering (8.-10. trinn)

Unge MOTivatorar

Temaveke (8.-10. trinn)

Energimessa (nokre elevar frå 9. trinn)

Livredning i sjø for 9. og 10. trinn.

- Utanomhusplan:

Har fått prosjektleiar til prosjektet, og rektor er i dialog med han. Håpar at det kjem ut på anbod så kjapt som mogleg.

- Elevundersøkinga:

Alle på SUS har gjennomført denne

Gjennomgong av resultat.

Vi fekk ein diskusjon kring tema som handla om oppfølging frå heimen. Ut frå resultata ser vi i FAU at vi vil arbeide vidare kring tema lekser og forventingar frå føresette. At vi som er foreldrekontaktar bør ta dette opp som eit tema på neste foreldremøte

- Eigen opplæringsarena utanfor skulebygget.

Skulen har arbeidd for å få eigen opplæringsarena utanfor skulebygget. Ein stad der sårbare elevar kan vere nokre dagar, ein stad med meir praktisk undervisning og det skal vere for alle elevane på skulen.

Har fått avtale med Knutec, Telavåg eigedom. Dei skal byggje eit bygg på Knutec som skulen skal leige. Dette er i gangavstand frå skulen.

5. Status arbeidsgrupper

Trygg skuleveg

Avventar møte mellom FAU Ungdomsskule og Stranda barneskule.

Rutinar

Rutinar er skriven. Diskusjon kring om der skal vere ein rutine med at vara rykker opp. Kom ikkje fram til noko konklusjon på dette.

Sosiale medier

Har undersøkt kva barnevakten har å tilby. Gratis for ungdomsskular å få opplegg. Dette tilbodet vil vare ut 2024

Digital kampanje for foreldre. Kva finnes for oss foreldre.

Gjere noko kring dette til hausten for dei tre trinna som går her frå haust -24. Vi tar kontakt med skulen, for å få til eit samarbeid kring dette arbeidet.

Sponsorar

No er skulen komen med ulike ynskjer som dei vil ha til sin alternative opplæringsarena. I tillegg har dei nokre ynskjer til musikk avdelinga. Planar om å søke midlar hjå ulike bedriftar.

Dersom nokon kjem over nokre bedriftar som det kan vere lurt å søkje midlar om – gje ein tilbakemelding til Jimmy, så gjev han beskjed vidare til Helga som styrar sponсорgruppa.

6. Oppretting av KFU (kommunalt foreldreutval)

Det har vore eit møte for å få i gong eit kommunalt foreldreutval. Mange grunner for å ha eit slikt foreldreutval: Kommunen er i gang med ein ny skule og barnehageplan, då er det viktig at vi arbeider opp mot dette. For å stå samla inn til kommunen. At vi kan vere ei høyringsgruppe. Det er ikkje satt nokre rammer enda – ei som har meldt seg som leiar. Ein fin plass å dele erfaringar.

7. Eventuelt

Innspel: Gjere noko med foreldremøtet til 8. kl som dei har på våren. For nokre elevar kan det vere eit tøft møte – ny klasse, ny lærar, valfag, språk, kanskje sende ut all informasjon på førehand, slik at elevane kan bearbeide før dei kjem på foreldremøtet. Dele opp i elevar og føresette, så vi kan velje FAU rep. Gå gjennom nyttige ting – for denne dagen er det mange foreldre tilstade. Lærar kan møte elevgruppa.